



## SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 21/04375-8  
Sakshandsamar Torbjørg Austrud

## STEINSLAND/ MODALSVASSDRAGET - UTTALE TIL REVISJONSDOKUMENT, UTSETT SAK

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Utval for klima og miljø	25.01.2022	5/22
2 Heradsstyret	03.02.2022	11/22

### Møtebehandling

#### Votering

Samråystes vedteke med 8 røyster.

#### Tilråding

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at;

Eviny vert pålagt å finansiera eit arbeid for å betra levetilhøva for villreinen i Fjellheimen. Avbøtande tiltak som kan betra funksjonaliteten i heile villreinområdet, bør utgriast. Spesielt bør det rettast fokus på:

- Tiltak som reduserer ålmenn ferdslle på anleggsvegar som kan uroa reinen i viktige trekkområde/funksjonsområde.
- Fysiske tiltak i terrenget for å få tilbake eller utbetra tradisjonelle trekkruter.

Saksordførar: Marit Wæhle

## **Saksframlegg**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at;

- EVINY vert pålagt å finansiera eit arbeid for å betra levetilhøva for villreinen i Fjellheimen. Avbøtande tiltak som kan betra funksjonaliteten i heile villreinområdet, bør utgreiast. Spesielt bør det retta fokus på;
  - Tiltak som reduserer ålmenn ferdslle på anleggsvegar som kan uroa reinen i viktige trekkområde/ funksjonsområde.
  - Fysiske tiltak i terrenget for å få tilbake eller utbetra tradisjonelle trekkuter.

### **Vedlegg:**

Høyringsbrev frå NVE, 06.07.2021

Felles kravdokument frå kommunane, 05.06.2019

Revisjonsdokument for Steinsland - Modalsvassdraget, BKK juni 2021

Vedtak HST, 21.10.2021, Sak 67-21, Steinsland- Modalsvassdraget - uttale til revisjonsdokument

### **Samandrag:**

NVE har vedteke at det skal gjennomførast vilkårsrevisjon for Steinsland / Modalsvassdraget. Voss herad har tidlegare på vegne av aktuelle kommunar fremja sine krav og merknader.

EVINY har som konsesjonær no utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer dei innkomne krava.

NVE ber dei ulike høyringsinstansane om merknader til revisjonsdokumentet.

### **Saksopplysningar:**

NVE varsla i januar 2019 aktuelle kommunar om innkomne krav vedrørende vilkårsrevisjon for Steinsland / Modalsvassdraget, Torfinnsvassdraget og Bergsdalsvassdraget og Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget (Evanger kraftverk).

På vegne av kommunane Vaksdal, Modalen, Vik og Kvam herad, svara Voss herad 23. mars 2019 at kommunane ynskjer å koordinera krava om vilkårsrevisjon for dei aktuelle vassdraga.


Voss herad har i samarbeid med nabokommunar utforma sine krav og merknader (brev av 5 juni 2019, vedlegg)

Etter kommunane og andre høyringsinstansar har fremja sine krav har EVINY utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer krava.

NVE ber no dei ulike høyringsinstansane om merknader til revisjonsdokumentet.

### **Regulering av Steinsland / Modalsvassdraget**

EVINY Produksjon AS har 3 konsesjonar for Modalsvassdraget som er omfatta av revisjonen. Gjeldende manøvreringsreglement i vassdraget (oppdatert 2014) omfattar dei aktuelle konsesjonane. Konsesjonane omfattar totalt 4 kraftverk med ein samla midlare kraftproduksjon på ca.1050 GWh/år



Kart over reguleringane i Steinsland / Modalsvassdraget.

### Naturkvalitetar

Noreg forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavlege ville fjellreinen i Europa. Derfor har Noreg eit særleg og internasjonalt ansvar for å ta vare på denne arten.

Motorisert ferdsle, hyttebygging og auka friluftslivsaktivitet, vegar, kraftlinjer og regulering av område for vasskraft kan påverka villreinen negativt. Vegar og kraftlinjer kan hindra reinen i sin bruk av området og oppdemming har gjort at ein del av vatna er blitt større slik at trekkruter mellom ulike vatn har blitt borte eller vanskelegare å bruka for reinen.

### EVINY sitt revisjonsdokument

Etter kommunane og andre høringsinstansar har fremja sine krav, har EVINY som konsesjonær utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer krava.

EVINY meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å kunna ta vare på villreinen. Fleire av krava som handlar om villrein er knytt til EVINY sine anleggsvegar. EVINY viser til at bruk av vegane er regulert gjennom konsesjonen, og det er opp til NVE å avgjera om anleggsvegane skal vera opne for ålmenta eller dei skal stengjast av omsyn til villreinen.

### Vidare handsaming

Etter at NVE har gjennomgått dei ulike merknadane til revisjonsdokumentet vil dei invitera kommunane og andre høringsinstansar til ei synfaring i dei aktuelle vassdraga der ulike problemstillingar kan utdjupast nærmare. Deretter slutthandsamar NVE saka og sender si tilråding til Olje- og energidepartementet (OED). Departementet gjennomfører ei avgrensa høyring før saka vert fremja for regjeringa for kongeleg resolusjon og endeleg vedtak i statsråd.

### **Rådmannen si vurdering:**

#### Generelle vurderingar:

Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon er å betra miljøtilhøva i regulerte vassdrag. Dette med bakgrunn i at ulike miljøomsyn var mindre vektlagt i dei eldre konsesjonane. Det er berre konsesjonsvilkåra, inklusive sjølve manøvreringsreglementet, som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen. Statsforvaltar kan med grunnlag i konsesjonen påleggja regulanten å finansiera undersøkingar og tiltak gjennom «standard naturforvaltningsvilkår».

Voss herad sine interesser i vilkårsrevisjonen er knytt til levetilhøva for reinstamma i Fjellheimen villreinområde. Dei aktuelle konsesjonane omfattar ikkje areal i Voss herad. Villreinstamma i Fjellheimen brukar areal i både Voss herad og andre kommunar innanfor det aktuelle konsesjonsområdet. Villrein er ein svært arealkrevjande art som brukar ulike område til ulike årstider. Fordi tilgangen på beite varierer, nyttar villreinen også ulike område frå år til år. Tradisjonelle trekkkorridorar mellom dei ulike funksjonsområda er avgjerande for at villreinen skal kunna nyta leveområda optimalt. Voss herad har derfor interesse av at heile villreinområdet (uavhengig av kommunegrenser) fungerer best mogleg for villreinstamma.

#### Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar for Voss herad.

#### Miljø og klimakonsekvensar:

Noreg har eit særleg og internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen. Nedbygging og fragmentering av villreinen sine leveområde vil kunna verka negativt på villreinstamma.

#### Folkehelsekonsekvensar:

Ikkje direkte relevant for Voss herad i denne saka